

Aril Langesæter  
Kopperdalsvegen 115  
5912 Seim

## GARDFLOR I STEIN, NORDRE KOPPERDALEN – RAPPORT FRÅ SYNFARING 14.07.21

Eg viser til tilstandsvurdering med medfylgjande dokumentasjon datert 24.09.20. Då det der vart reist noko tvil rundt vurderingane av tilstanden på anlegget og årsaka til skadane, vart det organisert ei ny synfaring i dag. Denne var også grunna i at du har observert visse endringar i murverket sidan siste synfaring for eit knapt år sidan. Kilesteinar har losna og nokre av sprekkene/spaltene som tidlegare vart omtalte, har blitt større. Dessutan kan ein sjå at «utposinga» på innsida – som svarer til innfallen/innsvinga mur på utsida – er blitt tydelegare. Desse observasjonane samla tyder på at er ei rørsle i muren og at setningane held fram. Årsaka til det kan dels vera svikt i fundamentet og dels at muren i mange år har stått eksponert for væte og frost. *Etter å ha sett nærmare på muren i dag, deler eg dine vurderingar og det vert no tilrådd at «strategi I» vert lagd til grunn for restaureringa av anlegget, det vil seia full demontering av langveggen – og så mykje som nødvendig av tilstøytande vegger, refundamentering og oppattmuring. Jamfør tilstandsvurderinga!*



*Utposinga går no heilt ned mot grunnen og det kan påvisast steinar som har flytta på seg langt nede i murverket.*



*I samanføringa av langvegg (til høgre) og gavlvegg ser ein at spalter har opna seg meir og meir «uro» i murverket elles.*



*Langveggen som har «sloka» seg, dvs. fått ein boge innover. Det er fleire indikasjonar på at denne deformasjonen går djupare ned mot grunnen enn tidlegare observert.*



*Spalter som tyder på at det har vore endringar i muren sidan førre synfaring.*

Eg viser elles til innlevert kostnadsoverslag, basert på to alternative strategiar, og nemna at det no er kostnadsoverslaget knytt til «strategi I» som er aktuelt. Eg ser fram til ei vidare drøfting av prosjektet og ein ny gjennomgang og ei kvalitetssikring av kostnadsoverslaget.

Frekhaug 14.07.21

Med venleg helsing

Haakon Aase